

**Fra:** Bjørg Fritsvold [bfritsvo@gmail.com]

**Til:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]; firmapost-vest@vegvesen.no [firmapost-vest@vegvesen.no]; postmottak@vik.kommune.no [postmottak@vik.kommune.no]

**Kopi:** Siri Wølneberg Bøthun [siribothun@gmail.com]; Terje Harbakk [terjeharbakk@hotmail.no]; Sverre Høgheim [sverre.hogheim@outlook.com]

**Sendt:** 15.05.2019 10:08:37

**Emne:** Framlegg til utbetringar på fylkesveg 180 Fresvik -Vangsnæs

**Vedlegg:** Vegen Fresvik-Vangsnæs.docx

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger  
(E-post: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no))

Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger  
(E-post: [fimapost-vest@vegvesen.no](mailto:fimapost-vest@vegvesen.no))

Vik kommune, formannskapet, Postboks 134, 6891 Vik i Sogn  
(E-post: [postmottak@vik.kommune.no](mailto:postmottak@vik.kommune.no))

## Fylkesveg 180 Fresvik – Vangsnæs, framlegg til utbetringar

Fresvik Bygdalag viser til vedlagt skriv og håpar at innhaldet her vert teke omsyn til i budsjettarbeidet framover. På grunn av steinras var vegen til mellom Fresvik og Feios stengd i om lag ei veke frå 22. mars om kvelden til 28. mars om ettermiddagen. Med dei velkjende prognosane om eit våtare klima og med det auka rasfare, bør dette vera ein vekkjar for vegeigaren (fylkeskommunen), den drifts- og vedlikehaldsansvarlege (vegvesenet) og for Vik kommune.

Etter kvart som fleire og fleire kommunale tilbod vert tekne bort frå Fresvik og sentraliserte, aukar trafikken på vegen mot Feios og Vangsnæs og vidare mot Vik. Borna i barneskulen må snart reisa om lag 35 km kvar dag til Feios får å få si lovpålagde undervisning. Desse borna kjem i tillegg til dei på ungdomsskuletrinnet som har reist den same strekninga i om lag 10 år.

Fresvik Bygdalag er uroa for at liv skal gå tapt på ei utrygg vegstrekning, og det er bakgrunnen for at vi sender dette brevet med sterkt oppmoding om snarlege utbetringar for å redusere risikoen med å ferdast på vegen. Me krev at det som kan gjerast på kort sikt (under 1 år) vert gjennomført. Me tenker då på fangnett (jf. punkt 1) og rekksverk (jf. punkt 5).

Venleg helsing for Fresvik Bygdalag

Bjørg Fritsvold (leiar)

Kopi:

Feios Bygdalag v/ Terje Harbakk, Feiosvegen 445, 6895 Feios  
(E-post: [terjeharbakk@hotmail.no](mailto:terjeharbakk@hotmail.no))

FAU Fresvik skule v/ Siri Wølneberg Bøthun, (E-post: [siribothun@gmail.com](mailto:siribothun@gmail.com) )